



## Reguleringsføresegner

for

### Detaljplan Hamnneset

gnr 220 bnr 10 mfl.

Lindås kommune

planID 1263 2016 12  
arkivID 16 / 775

Revideringer:	Dato:
Vedteken	xx.yy.2018

Handsamingar:	Dato:	Saksnummer:
1. gangs handsaming plan- og miljøutvalet:	13.06.2018	
2. gangs handsaming plan- og miljøutvalet:	xx.yy.2018	
Godkjent plan i kommunestyret:	xx.yy.2018	

## **§ 1 Generelt**

§ 1.1 Det regulerte område er vist på plankart i målestokk 1:1000, datert 29.05.2017 og med tilhørende planføreregner datert 11.5.2018.

§ 1.2 Planområdet skal nyttas til følgjande føremål:

1. Bebyggelse og anlegg  
a. Fritidsbustad  
b. Naust
2. Samferdslesanlegg og teknisk infrastruktur  
a. køyreveg  
b. Anna veggrunn  
c. Parkeringsplassar
3. Grøntstruktur  
a. Friområde
4. Bruk og vern av sjø og vassdrag  
a. Friluftsområde i sjø og vassdrag
5. Omsynssoner  
a. Frisiktsone veg

(pbl § 12–5, 2. ledd nr.1)

(pbl § 12–5, 2. ledd, nr.2)

(pbl § 12–5, 2. ledd nr. 3)

(pbl § 12–5, 2. ledd nr. 6)

(pbl § 12–6)

## **§ 2 Fellesføreregner**

§ 2.1 Byggjegrenser

### Fritidsbustad

1. For delområde BFF1 og BFF3 er byggjegrensa eksisterande bygningsomriss
2. For delområde BFF2 er byggjegrensa for fritidsbustad satt i plankartet
3. Tiltak nemnd i pbl. § 29–4 b kan plasserast nærmere nabo- eller føremålsgrensa slik:
  - a. BFF1 – Inntil føremålsgrensa
  - b. BFF2 – Frå skilje mellom delområde BFF2 og BFF3, foran tomt 1 og 2, og til nordvestre hjørne av føremålsområde kan ein likevel ikkje gjennomføre tiltak
  - c. BFF3 – ikkje på sia eller foran eksisterande bygningsomriss

### Naust

1. For delområde BUN1 er byggjegrensa eksisterande bygningsomriss
2. For delområde BUN2 kan naust førast opp innan for byggjegrense gjeve i kart
3. Innan for BUN2 kan det byggjast kai som skildra i §3.2. Byggjegrensa for kaifront vert i grensa for arealbruksføremålet
4. Ved brann eller naturskade (ras) kan bygninga(-r) i område BUN1 og 2 byggjast opp innan for dei ramme gjevne her

§ 2.2 Dokumentasjon til søknad om byggjeløyve

1. Ved innsending av rammesøknad skal det leggjast ved teikningar av plan, snitt og fasadar i målestokk 1:100. Profiler og situasjonsplan i målestokk 1:500, der det vert gjort greie for avkørsle, eksisterande og fremtidig terrell, vegetasjon, tilhøvet til nabobygg, eventuelle murar, trapper, gjerder - og uteoppholdsareal.
2. Ved søknad om tillatelse til tiltak må støynivå dokumentast og tiltak vurderast:
  - a. Støynivå på utendørs oppholdsareal for bustad skal ikkje skride over 55 dBA krav
  - b. Ingen bustad skal ha høgare lydnivå framfor en av fasadene på meir enn 65 dBA
  - c. Støy frå vegtrafikk til innvendige oppholdsrom skal ikkje stige over 30 dB
3. Ved søknad om tillatelse til tiltak skal det ligge føre brannteknisk dokumentasjon av dei planlagte tiltaka

### § 2.3 Rekkjefølgjekrav

1. Alle tiltak knytta til offentleg veg og kryss/avkørsle mellom o\_SV1 og f\_SV2 skal opparbeidast i tråd med Statens Vegvesens handbok 017 / «Norm for veg, Lindås kommune før det vert gjeve tillatelse til tiltak i delområda BFF2 og BUN2.
2. Det vert ikkje gjeve tillatelse til tiltak i delområde BFF2 og BUN2 før det leggjast fram samla og godkjent plan for vassforsyning, avlaup, overvatn, spillvatn og eventuelt uttak for brannslukking som gjeld heile planområdet
3. Parkeringsplass f\_SPP må vere opparbeida før det vert gjeve ferdigattest for nye bygg (BFF2 og BUN2) i planområdet.

## § 3 Bebyggelse og anlegg (tbl § 12–5 , 2.ledd nr. 1)

### § 3.1 Fritidsbustad

1. Områdene BFF1 og BFF3.  
Eksistereande fritidsbustadar skal ikkje endrast, og vert tatt i vare med dagens bruk
2. Område BFF2.  
På tomtene 1 og 2 kan det førast opp fritidsbustadar med ei utnytting BRA(max) på 120 m<sup>2</sup>. Det kan førast opp ein frittliggjande bod på inntil 15 m<sup>2</sup> utanfor viste byggjegrensa. Bod o.l. reknast som del av bruksarealet (BRA) på 120m<sup>2</sup>.
3. Bebygd areal (fritidsbustad, uthus, garasje) kan ikkje overstige 20%

### § 3.2 Naust

1. Naust BUN1  
a. Er eksisterande naust. Dette kan beholdes i dagens form og bruk.
2. Naust BUN2  
a. Er nye naust som kan førast opp. Desse kan ikkje brukast eller innreiast for varig opphold som bustad eller fritidsbustad  
b. Naustene skal vere i ei høgd med BRA inntil 40m<sup>2</sup>. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal. Mønehøgde er max. 5.0 m. – og vindusareal < 3% av BRA. Altan, utkraging eller terrasser er ikke tillate. Naustet skal ha saltak mellom 35 og 45°  
c. Utanfor (foran) naustene kan innan for arealbruksføremålet byggjast kai med kaifront av naturstein. Båtkran for oppheis av båt kan monterast

## § 4 Samferdslesanlegg og teknisk infrastruktur (tbl. § 12.5, 2. ledd nr. 2 )

### 1. Køyreveg

- a. Vei o:SV1 er dagens veg gjennom området.
- b. Vei f\_SV2 er tilkomstveg til fritidsbustadane på området BFF», og skal opparbeides og driftes i fellesskap av desse eigarane. Stigningstilhøve på vegen må i størst mogenhet tilpassast røyrslahemma
- c. Eigarane av tomtene kan opparbeide eigne P-plasser på tomtene.

### 2. Anna veggrunn – tekniske anlegg ( o\_SVT 1–3 )

- a. Arealet kan nyttast til trace for tekniske anlegg / infrastruktur.

### 3. Parkeringsplasser

- a. Området f\_SPP er parkeringsplass for 3 – 4 biler
- b. Parkering for øvrig må det leggjast til rette for på område BFF2.

**§ 5 Grøntstruktur ( pbl. § 12–5, 2 ledd nr. 3 )**

## 1. Friområde

- a. Områdene LF1 , LF2 og LF3 er områder som skal takast i vare med dagens vegetasjon, og det tillates ikke beplantning av ny skog. Vedhogst tillates

**§ 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag ( pbl. § 12–5, 2. ledd nr. 6 )**

## 1. Friluftsområde i sjø og vassdrag

- a. I sjøområdet o\_VFV tillates ikke utlegging av fortøyningsbøyer for båter, med unntak av 2 stk. utenfor BUN1. Festing av fiskegarn i land tillates.

## 2. Tiltak i sjø

- a. Flytebryggje på 2,5 x 8m m/ «båtbåser» kan leggjast ut. Alt arbeid i sjøområdet er søknadspliktig både etter Havne- og farvannslova og Plan og Bygningslova.

**§ 7 Omsynssoner ( pbl. 12–6 )**

## 1. Frisiktsone veg ( H140 )

- a. Sikttrekantene må til ei kvar tid haldast fri for beplantning, parkering og anna som kan vere til hinder for sikt